# Kommuneplanen – arealdel 2018-2030

## Konsekvensutgreiingar (KU)

# 07. Vikøy

| Tilrådding | Kart-kode | Kart-kode (T) | Område (stikkord) | Merknad |
|---|---|---|---|---|
| Tilrådd | B48 | Bustad | Ved-kyrkja | |
| Tilrådd | FRI14 | Grøntstruktur | Blyberg | |
| Tilrådd | FRI10 | Grøntstruktur | Krossnes | |
| Tilrådd | | Samferdsleanlegg | Vikøy-Aksnes-gang-sykkelveg | |
| Tilrådd | SBU11 | Spreidd bustad | Vangdal | |
| Tilrådd | SN11 | Spreidd næring | Homlagarden-landbruk | |
| Delvis tilrådd | FT4 | Fritids- og turistføremål | Oddland-camping | |

**Rettleiing - konsekvensutgreiing med ROS-analyse - (KU).**

Det er kome inn mange innspel til ny kommuneplan.

- Innspel som ikkje har vore ein del av kommuneplanen sine utvalde tema eller som openbart er i strid med sine arealstrategiar har vorte forkasta.
- Innspel som openbart er i samsvar med arealstrategiane er konskvensutgreidd.

  I konsekvensutgreiinga er innspelet vurdert opp i mot naturverdiar/biologisk mangfald, jord- og skogressursar, kulturminne/fornminne, landskap/grønstruktur/kulturlandskap, friluftsliv og funksjonell strandsone.
  Kvart av tema er verdivurdert, anten som ingen verdi, liten verdi (L), middels verdi (M) eller stor verdi (S). Innafor kvart tema vert konsekvensen vurdert i høve til den føreslåtte arealbruken. Store negative (-3), middels negative (-2), ingen (0), små positive (+1), middels positive (+2) eller store positive (+3).

| Områdenavn: B 13 | Bustad Strandebarm | Gnr/bnr: | 121/4 |
|---|---|---|---|
| Journalpost innspel: | http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015154&dokid=431676&versjon=1&variant=P& | | |
| Noverande planstatus: | Landbruk-, natur- og friluftsområde der landbruk er dominerande. LNF-l. | | |
| Områdeskildring: | Området ligg i mellom sportellet og idrettsparken på Tangerås. Området er fulldyrka mark, og utgjer 8 daa. | | |
| Innspel til ny arealbruk: | Bustad. | | |
| Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS: | **Tilrådd** | | |
| Kart over innspel: |  | | |
| Flyfoto over innspel: |  | | |



| Tema | | Kommentar | Konsekvensutgreiing: Verdi | Konsekvensutgreiing: Konse-kvens |
|---|---|---|---|---|
| Natur og miljøressursar | Naturverdiar / biologisk mangfald | Ingen registrerte verdiar i naturbase.no Ei registrering i artsdatabanken.no. Gjeld stakekarse registrert i frå 1921. Livskraftig. | L | -1 |
| | Jord- og skogressursar | Fulldyrka. Ein del av eit større jordbruksområde | S | -3 |
| | Kulturminne / fornminne | Ingen registrerte kulturminner på dette arealet. Vedtaksfreda bygg i nærområdet. Nokre SEFRAK bygg i nærområdet. | L | -1 |
| | Landskap / grønstruktur / kulturlandskap | Breie fjordløp og opne fjordmunningar. Fulldyrka jord. | S | -2 |
| | Friluftsliv | Ikkje registreringar som viser at dette er eit nytta rekreasjon og friluftsområde. | L | |
| | Funksjonell strandsone | Ligg utanfor strandsonen | - | - |

**Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS).**

Å gjennomføra ein ROS-analyse vil sei å kartleggja uynskte hendingar, dvs hendingar som inneber fare for menneske, miljø, materielle verdiar og samfunnsviktige funksjonar.
Plan- og bygningslova krev at det vert gjort ei sæskilt vurdering av verknader for miljø- og samfunn, når det vert utarbeidd planar som set rammer for framtidig utbygging. Vidare krav plan- og bygningslova at det vert utarbeidd ein risiko- og sårbarheitsanalyse. Målet med analysen er å etablera ei systematisk tilnærming til mogleg framtidig fare og uynskte hendingar, slik at nødvendig risikoreduserande tiltak kan identifiserast og takast omsyn til. Dersom ein gjennom arbeidet med KU og ROS oppdagar at det er risiko for skade på menneske eller miljø, eller at planen har negative konsekvensar, må kommunen synleggjera kva som skal til for at planen kan gjennomførast. Det er ikkje mogleg å fjerna all risiko, men det er viktig at kommunen og andre klarer å identifisera risiko og ha eit medvete forhold til korleis me best mogleg kan førebyggja.
Risiko vert definert som ein funksjon av sannsyn og konsekvens, i høve til «liv og helse», «miljø» og «økonomiske verdiar/produksjonstap».

| Vurdering, inndeling | Skala |
|---|---|
| Særs sannsynleg | S6 |
| Mykje sannsynleg | S5 |
| Sannsynleg | S4 |
| Noko sannsynleg | S3 |
| Lite sannsynleg | S2 |
| Usannsynleg | S1 |

| Konsekvens | Skala |
|---|---|
| Ubetydeleg konsekvens | K1 |
| Liten konsekvens | K2 |
| Ein viss fare | K3 |
| Alvorleg konsekvens | K4 |
| Kritisk konsekvens | K5 |
| Katastrofal konsekvens | K6 |

**Økonomiske verdier/produksjonstap**



| SANNSYN | | Små eller ingen skader på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skader begrensa oppad til kr. 100 000,- Produksjonsstans < 1 uke | Mindre lokal skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skader avgrensa oppad til kr. 1 000 000,- Produksjonsstans < 1 månad | Større skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar opp til 10 000 000,- Produksjonsstans > 1 månad | Tap av, og/eller kritisk skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar avgrensa opp til kr. 100 000 000,-. Produksjonsstans > 3 månader | Fullstendig øydelegging av materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar opp til kr. 500 000 000,-. Produksjonsstand > 1 år | Fullstendig øydelegging av materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar for meir enn kr. 500 000 000,- Varig produksjonsstans | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Særs sannsynleg | S6 | | | | | | | Meir enn ein hending kvart 20. år |
| Mykje sannsynleg | S5 | | | | | | | Mindre enn ein hending kvart 20. år, men mindre enn ein hending kvart 100. år |
| Sannsynleg | S4 | | | | | | | Mindre enn ein hending kvart 100. år, men mindre enn ein hending kvart 200. år |
| Noko sannsynleg | S3 | | | | | | | Mindre enn ein hending kvart 200. år, men mindre enn ein hending kvart 1000. år |
| Lite sannsynleg | S2 | | | | | | | Mindre enn ein hending kvart 1000. år, men mindre enn ein hending kvart 5000. år 1 |
| Usannsynleg | S1 | | | | | | | Mindre enn ein hending kvart 5000. år 2 |
| | | K1 Ubetydelig | K2 Liten | K3 Ein viss fare | K4 Alvorleg | K5 Kritisk | K6 Katastrofalt | |
| | | KONSEKVENS | | | | | | |

Det er skjema for:

- Liv og helse (L&H)
- Miljø (M)
- Økonomiske verdiar/produksjonstap (Ø/P)

## ROS-analyse.

| Uønska hending | Årsak | Kommentar | ROS-analyse<br>Vurdering jf. akseptkriteria |
|---|---|---|---|
| Ekstremver | Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstemvær» med vind og store nedbørmengder. | | L&H : S5/K1<br>M: S5/K1<br>Ø&P: S5/K2 |
| Ras/skred/flaum | Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremvær og klimaendringar | Ingen registreringar, på aktsemdskart. | L&H : S2/K1<br>M: S2/K1<br>Ø&P: S2/K1 |
| Ureining og støy | | Ingen kjend ureining i grunnen eller store/dominerande støykjelder | L&H : S2/K1<br>M: S2/K1<br>Ø&P: S2/K1 |
| Radon | Radonstråling frå grunn. | Generelle krav til byggverk er synt i TEK10. | L&H: S1/K2<br>M: S1/K1<br>Ø&P: S1/K1 |
| Brann | Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil. | Ligg nær Tangerås med god brannberedskap | L&H : S3/K3<br>M: S3/K1<br>Ø&P: S3/K3 |
| Ulukker | Trafikkulukker. | Etablert og opparbeidt gangtilkomst til skulen, frå p.plass til skulen. Gang- og sykkelveg til barnehage, butikk mm. | L&H : S2/K1<br>M: S2/K1<br>Ø&P: S2/K1 |
| Uheldig samlokalisering | Bustadfelt i landbruksområde. | Bustad i nærleik til aktiv gardsdrift kan vera uheldig i høve til m.a. lagring, lukt og støy frå gardsdrifta. | L&H : S3/K1<br>M: S3/K2<br>Ø&P: S3/K1 |

## Konklusjon

| | **Konklusjon frå Rådmannen** | | |
|---|---|---|---|
| **Relevante samfunnstema** | *Tettstadsutvikling* | *Kollektivtransport / gang- og sykkelveg* | *Transport* |
| | *Folkehelse* | *Kommunale tenestetilbod og økonomi* | *Born og unge* |
| | *Teknisk infrastruktur* | *Næringsliv og sysselsetting* | *Universell utforming* |

*Området ligg i randsonen i høve til arealstrategien for lokalsenteret i Strandebarm/Tangerås. Ligg om lag 750 m i frå sentrum som er innafor 10 min gangavstand. Ligg i svært kort avstand til skule, friområde og idrettsparken i Strandebarm.*

*Området ligg 50 m i frå skulen i Strandebarm. Ny barnehage er under bygging på Tangerås, i underkant 900 m i frå det føreslåtte området.*

*Avstand til næraste busstopp, er om lag 200 m.*

*Folkehelse i plansamanheng må forståast som samanhengen mellom mange ulike faktorar. Ligg i eit område med gode turmoglegheiter, kort veg til skule og idrettsplass, og badeområdet på Tangeråsneset.*

*Roleg område med gode oppvekstvilkår, men også eit område der det vert drive me aktivt jordbruk.*

*Etablering av bustadfelt vil vera i konflikt med jordbruksareal av høg verdi. Det bør finnast alternative løysingar for den matjorda som går tapt ved utbygging.*

*I høve til arealstrategiane for Strandebarm/Tangerås, så er vilkår for lokaliseringa på plass. Området vert difor **tilrådd** som bustadføremål i kommuneplanen, med krav om at det må finnast gode løysingar for matjorda som vert nedbygd.*

<table>
<tr><th>Områdenavn: B 48</th><th>Vikøy<br>-v/kyrkja-</th><th>Gnr/bnr:</th><th>7/3 m fl</th></tr>
<tr><td>Journalpost innspel:</td><td colspan="3"></td></tr>
<tr><td>Noverande planstatus:</td><td colspan="3">Landbruk, natur og friluftsliv, med spreidd busetnad</td></tr>
<tr><td>Områdeskildring:</td><td colspan="3">Området ligg i Vikøy og omfattar fleire fråskilde bustadtomter, som er omkransa av jordbruksland. Husa på staden er av ulike årgang, med tilkomst via Vikøy. Arealet utgjer omlag 32 daa</td></tr>
<tr><td>Innspel til ny arealbruk:</td><td colspan="3">Bustadområde.</td></tr>
<tr><td>Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:</td><td colspan="3">Tilrådd</td></tr>
<tr><td>Kart over innspel:</td><td colspan="3">
</td></tr>
<tr><td>Flyfoto over innspel:</td><td colspan="3">
</td></tr>
</table>

1

| Tema | | Kommentar | Konsekvensutgreiing: Verdi | Konsekvensutgreiing: Konsekvens |
|---|---|---|---|---|
| Natur og miljøressursar | Naturverdiar / biologisk mangfald | Ingen registreringar i artsdatabanken.no eller i naturbase.no | L | -1 |
| | Jord- og skogressursar | Det er ei fordeling av fulldyrka jord/myr, skog av svært høg bonitet og anna jorddekt fastmark. | L | -1 |
| | Kulturminne / fornminne | Ein SEFRAK-registrert bygning innafor området, gjeld eit våningshus frå før 1900-talet. | L | -1 |
| | Landskap / grønstruktur / kulturlandskap | Breie fjordløp, fjordmøter og opne fjordmunningar | S | 0 |
| | Friluftsliv | Ingen registrerte friluftskvalitetar. | L | -1 |
| | Funksjonell strandsone | Ligg utanfor strandsonen | | |

| Uønska hending | Årsak | Kommentar | ROS-analyse<br>Vurdering jf. akseptkriteria |
|---|---|---|---|
| Ekstremver | Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder. | | L&H : S5/K1<br>M: S5/K1<br>Ø&P: S5/K2 |
| Ras/skred/flaum | Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar. | Aktsemdskart for jord- og flaumskred (NVE) og aktsemdskart for snø og stein syner potensiell skredfare. Tilhøvet må kartleggjast nærare før regulering. | L&H : S3/K4<br>M: S3/K3<br>Ø&P: S3/K2 |
| Ureining og støy | Grensar til landbruksområde. | Noko støy frå landbruk og evt i frå Fv-49. | L&H : S3/K3<br>M: S3/K1<br>Ø&P: S3/K1 |
| Radon | Radonstråling frå grunn. | Generelle krav i til byggverk er synt i TEK 10. | L&H : S1/K2<br>M: S1/K1<br>Ø&P: S1/K1 |
| Brann | Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil. | | L&H : S3/K3<br>M: S3/K1<br>Ø&P: S3/K3 |
| Ulukker | Trafikkulukke | Kommunal veg fram til fylkesveg 49. Gang- og sykkelveg til Norheimsund og mot Vikøy. | L&H : S3/K3<br>M: S3/K1<br>Ø&P: S3/K2 |
| Uheldig samlokalisering | Bustadfelt i landbruksområde. | Bustad i nærleik til aktiv gardsdrift kan vera uheldig i høve til m.a. lagring, lukt og støy frå gardsdrifta. | L&H : S3/K1<br>M: S3/K2<br>Ø&P: S3/K1 |

| | Konklusjon frå Rådmannen | | |
|---|---|---|---|
| Relevante samfunnstema | *Tettstadsutvikling* | *Kollektivtransport / gang- og sykkelveg* | *Transport* |
| | *Folkehelse* | *Kommunale tenestetilbod og økonomi* | *Born og unge* |
| | *Teknisk infrastruktur* | *Næringsliv og sysselsetting* | *Universell utforming* |

Området har tidlegare vore vist som eksisterande område for spreidd bustadbygging. Slik det framstår, så er det «naturleg», å sjå på det som bustadområde.

Det er lite med konflikter i høve til andre interesser, men aktsemdskarta viser at det må takast om syn til potensiell rasfare, og at det i området må visast varsemd i høve til jord- og flaumskred.

Området ligg slik til at det er innafor 20-minutt sykkelavstand i frå Norheimsund sentrum, området er etablert og vert vist som bustadområdet i kommuneplanen.

Området vert **tilrådd** som bustadområde i kommuneplanen sin arealdel. Det vert ikkje tilrådd nye bustadar, men moglegheiter for garasje og tilbygg vert tatt inn som ein del av føresegnene til planen.

| Områdenavn: SBU 11 | Vikøy -Vangdal- | Gnr/bnr: | 2/11 mfl. |
|---|---|---|---|
| Journalpost innspel: | http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015693&dokid=432453&versjon=1&variant=P& | | |
| Noverande planstatus: | Landbruk,- natur og friluftsliv, der landbruk er dominerande. Lnf-l område. | | |
| Områdeskildring: | Området litt i Vangdal, innafor område som i kommuneplanen som er vist som LNF-l område. Innafor området er det skog av høg bonitet og overflatedyrka mark. Området utgjer om lag 20 daa. | | |
| Innspel til ny arealbruk: | Spreidd bustadbygging. | | |
| Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS: | **Tilrådd** | | |
| Kart over innspel: |  | | |
| Flyfoto over innspel: |  | | |

| Tema | | Kommentar | Konsekvensutgreiing Verdi | Konsekvens |
|---|---|---|---|---|
| Natur og miljøressursar | Naturverdiar / biologisk mangfald | Ingen registreringar innafor det geografiske området. I artsdatabanken.no er det vist registreringar like utenfor området, presisjonen på desse er på inntil 300 m. Gjeld fuglar. Truleg vil nokre av artane også finnast innafor området. Livskraftige populasjonar. | M | -1 |
| | Jord- og skogressursar | Litt over halvparten av området er skog av svært høg bonitet. Resten er overflatedyrka jord. Området er lnf-l område. | S | -3 |
| | Kulturminne / fornminne | Ingen registrerte kulturminne. | L | 0 |
| | Landskap / grønstruktur / kulturlandskap | Middels breie fjordar. Brattlendt kulturlandskap. Spreidd bustadbygging i området. | M | -2 |
| | Friluftsliv | Ingen registrerte friluftskvalitetar. | L | -1 |
| | Funksjonell strandsone | Ligg utanfor strandsonen. | - | - |

| Uønska hending | Årsak | Kommentar | ROS-analyse<br>Vurdering jf. akseptkriteria |
|---|---|---|---|
| Ekstremver | Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder. | Skade på bygg kan førekoma. | L&H : S5/K1<br>M: S5/K1<br>Ø&P: S5/K2 |
| Ras/skred/flaum | Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar. | Aktsemdskart for jord- og flaumskred (NVE) syner potensiell skredfare. Tilhøvet må kartleggjast nærare før regulering. Gjeld i øvste delen av det føreslåtte området. | L&H : S3/K4<br>M: S3/K3<br>Ø&P: S3/K3 |
| Ureining og støy | Ligg nær fylkesveg. | Nedre hjørna av feltet, ligg innafor gul sone, dvs meir enn 55 dB, der støytiltak må vurderast. Det må gjerast tiltak i samband med utbygging i området. | L&H : S5/K2<br>M: S5/K1<br>Ø&P: S5/K2 |
| Radon | Radonstråling frå grunn. | Generelle krav i til byggverk er synt i TEK 10 | L&H : S1/K2<br>M: S1/K1<br>Ø&P: S1/K1 |
| Brann | Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil. | Sentralt område med god brannberedskap. | L&H : S3/K3<br>M: S3/K1<br>Ø&P: S3/K3 |
| Ulukker | Trafikkulukke. | Smal og svingete veg fram til fylkesveg. Gardsdrift med store maskiner. Ligg langs med Fv-49, manglar gang- og sykkelveg. | L&H : S5 /K3<br>M: S5/K1<br>Ø&P: S5/K2 |
| Uheldig samlokalisering | Bustadbygging i landbruksområde. | Låg aktivitet på dei nærastliggjande jordbruksareala. | L&H : S2/K1<br>M: S2/K1<br>Ø&P: S2/K1 |

| | Konklusjon frå Rådmannen | | |
|---|---|---|---|
| **Relevante samfunnstema** | *Tettstadsutvikling* | *Kollektivtransport / gang- og sykkelveg* | *Transport* |
| | *Folkehelse* | *Kommunale tenestetilbod og økonomi* | *Born og unge* |
| | *Teknisk infrastruktur* | *Næringsliv og sysselsetting* | *Universell utforming* |

Vikøy-Vangdal er ikkje omfatta av senterstrukturen i Kvam. Det skal difor vera moglegheiter for spreidd bustadbygging i samsvar med arealstrategiane for utnytting av LNF-område og spreidd bustadbygging.

I arealstrategiane om utnytting av landbruk, natur og friluftsområde , lnf-område er det lagt vekt på, jf. strategi nr 15, at område som ikkje er omfatta av regulerte bustadfelt her skal det leggjast til rette for spreidd bustadbygging langs med eksisterande infrastruktur og busetnad.   Strategien er gjeldande for Vikøy- Vangdal.

I kommuneplanen i frå 2006 er heile området vist som landbruk,- natur- og friluftsliv, der landbruk er dominerande.

Roleg område med gode oppvekstvilkår.  Området ligg like ved Fv- 49.  Avstanden til næmaste busstopp er i underkant av 10 m.  Området vil vera bilbasert, evt basert på buss til skule, barnehage mm i Norheimsund og Tørvikbygd.   Ny barnehage i Tørvikbygd innan 2016. Det er pr dags dato ikkje gang- og sykkelvegar til  desse servicetilboda.

Ligg i eit område med gode turmoglegheiter, merka stiar Tørvikbygd og  Vikøy.

Øvre delen av området ligg innafor aktsemdskart for snø- og steinskred.  Nedre delen ligg innafor støyutsett område i frå Fv-49.

Det går kraftleidning igjennom området.

Området er tilgjengeleg både via Fv-49 og interne tilkomstvegar til eksisterande bygg.

Kulturlandskapet i Vangdal  er prega av at det er relativt brattlendt og det er godt eksponert i høve til sola.  Status i dag er at det finst fråskilde eigedommar inne i mellom gardstuna.  Det bør vera moglegheiter for fleire tomter utan at det kjem i konflikt med kulturlandskapet.  I høve til arealstrategiane for spreidd bustadbygging, så skal nye bygg  plasserast langs med eksisterande infrastruktur eller der det er noverande bustadar. Sjølv om området er brattlendt og aktsemdskartet viser potensiell rasfare, vil rådmannen **tilrå** området for spreidd bustadbygging.  Det må gjerast tilpassingar til omkringliggjande landbruksareal, og det må gjerast grundigare undersøkingar i høve til ras og kraftleidningen før utbygging på einskildtomter.

| **Områdenavn:**<br>**FRI 10** | **Vikøy**<br>**-Krossnes-** | **Gnr/bnr:** | |
|---|---|---|---|
| Journalpost innspel: | Vikøy/Aksnes grendautval - Krossnes - friområde -13/15822-02 | | |
| Noverande planstatus: | LNF | | |
| Områdeskildring: | Området er prega av at det ligg tett ved fjorden. Deler av arealet er vegetasjonsfrie bergknausar, oppfor dette ligg karrig og sårbar vegetasjon. I nordre delen er det ein del overflatedyrka areal. Området er ca. 30daa. | | |
| Innspel til ny arealbruk: | Friområde | | |
| Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS: | **Tilrådd** | | |
| Kart over innspel: |  | | |
| Flyfoto over innspel: |  | | |

| Tema | | Kommentar | Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens |
|---|---|---|---|---|---|
| Natur og miljøressursar | Naturverdiar / biologisk mangfald | Ca. 80-90% av arealet er i artsdatabasen vurdert som skog med høg bonitet, resten er overflatedyrka.<br>I artdatabasen er det ingen registreringar. | | | |
| | Jord- og skogressursar | Ca. 10-20% av arealet er overflatedyrka, resten har liten økonomisk interesse som jordbruksareal. | | | |
| | Kulturminne / fornminne | Området er svært rikt på kulturminne, både arkeologiske funn og gamle bygningar. | | | |
| | Landskap / grønstruktur / kulturlandskap | Blanding av skog og overflatedyrka mark | | | |
| | Friluftsliv | Området er i dag LNF- med hovudvekt på friluftsliv | | | |
| | Funksjonell strandsone | Området ligg i den funskjonelle strandsonen. | | | |

| **Uønska hending** | **Årsak** | **Kommentar** | **ROS-analyse**<br>**Vurdering jf. akseptkriteria**<br>M:<br>Ø&P: |
|---|---|---|---|
| Ekstremver | Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder. | Området skal vera eit friområde, med få eller ingen tekniske installasjonar | L&H : S5/K1<br>M: S5/K1<br>Ø&P: S5/K2 |
| Ras/skred/flaum | Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar. | I den sørlegaste delen er det ein viss fare for skred | L&H : S2/K1<br>M: S2/K1<br>Ø&P: S2/K1 |
| Ureining og støy | Ligg i eit område med landbruksdrift | Aktsemdskartet viser at ein sone på 20 meter langs Fv49 er merkt av som støysone. Sona utgjer ca. 1/3 av arealet. | L&H : S3/K3<br>M: S3/K1<br>Ø&P: S3/K1 |
| Radon | Radonstråling frå grunn. | Ingen kjende høge målingar i området el. nærliggjande område. Generelle krav til byggverk er synt i TEK10. | L&H : S1/K2<br>M: S1/K1<br>Ø&P: S1/K1 |
| Brann | Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil. | Området ligg ca. 7 km. frå brannstasjonen i Norheimsund. | L&H : S3/K3<br>M: S3/K1<br>Ø&P: S3/K3 |
| Ulukker | Trafikkulukker langs fv.49 | Manglar g/s-veg langs fv.49. | L&H : S3/K3<br>M: S3/K1<br>Ø&P: S3/K2 |
| Uheldig samlokalisering | | Ingen kjende | L&H : S1/K1<br>M: S1/K1<br>Ø&P: S1/K1 |

| | **Konklusjon frå Rådmannen** | | |
|---|---|---|---|
| **Relevante samfunnstema** | *Tettstadsutvikling* | *Kollektivtransport / gang- og sykkelveg* | *Transport* |
| | *Folkehelse* | *Kommunale tenestetilbod og økonomi* | *Born og unge* |
| | *Teknisk infrastruktur* | *Næringsliv og sysselsetting* | *Universell utforming* |

Konklusjon: Det er ikkje vedteke ein eigen arealstrategi for friområde ol. Området er i dag LNF der friluftsliv er dominerande. Noverande status for området vert oppretthalde.

| **Områdenavn: FRI 14** | **Vikøy -Blyberg-** | **Gnr/bnr:** | |
|---|---|---|---|
| Journalpost innspel: | Vikøy/Aksnes grendautval - Vangdal - bustad | | |
| Noverande planstatus: | | | |
| Områdeskildring: | | | |
| Innspel til ny arealbruk: | | | |
| Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS: | **Oppretthalda dagens planstatus** | | |
| Kart over innspel: |   | | |
| Flyfoto over innspel: |   | | |

| Tema | | Kommentar | Konsekvensutgreiing: Verdi | Konsekvensutgreiing: Konsekvens |
|---|---|---|---|---|
| Natur og miljøressursar | Naturverdiar / biologisk mangfald | Ca. 80-90% av arealet er skog med høg bonitet, resten er overflatedyrka.<br>I artdatabanken er det ingen registreringar om truga artar. | | |
| | Jord- og skogressursar | Ca. 10-20% av arealet er overflatedyrka, resten har liten økonomisk interesse som jordbruksareal. | | |
| | Kulturminne / fornminne | Området er svært rikt på kulturminne, både arkeologiske funn og gamle bygningar. | | |
| | Landskap / grønstruktur / kulturlandskap | Blanding av skog og overflatedyrka mark | | |
| | Friluftsliv | Området er i dag LNF- med hovudvekt på friluftsliv | | |
| | Funksjonell strandsone | Området ligg i den funskjonelle strandsonen. | | |

## ROS-analyse

| **Uønska hending** | **Årsak** | **Kommentar** | **Vurdering jf. akseptkriteria**<br>M:<br>Ø&P: |
|---|---|---|---|
| Ekstremver | Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder. | Området skal vera eit friområde, med få tekniske installasjonar | L&H : S5/K1<br>M: S5/K1<br>Ø&P: S5/K2 |
| Ras/skred/flaum | Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar. | I den sørlegaste delen er det ein viss fare for skred | L&H : S2/K1<br>M: S2/K1<br>Ø&P: S2/K1 |
| Ureining og støy | Ligg i eit område med landbruksdrift | Aktsemdskartet viser at ein sone på 20 meter langs Fv49 er merkt av som støysone. Sona utgjer ca. 1/3 av arealet. | L&H : S3/K3<br>M: S3/K1<br>Ø&P: S3/K1 |
| Radon | Radonstråling frå grunn. | Ingen kjende høge målingar i området el. nærliggjande område. Generelle krav til byggverk er synt i TEK10. | L&H : S1/K2<br>M: S1/K1<br>Ø&P: S1/K1 |
| Brann | Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil. | Området ligg ca. 7 km. frå brannstasjonen i Norheimsund. | L&H : S3/K3<br>M: S3/K1<br>Ø&P: S3/K3 |
| Ulukker | Trafikkulukker langs fv.49 | Gang- og sykkelveg | L&H : S1/K1<br>M: S1K1<br>Ø&P: S1/K1 |
| Uheldig samlokalisering | | Ingen kjende | L&H : S1/K1<br>M: S1/K1<br>Ø&P: S1/K1 |

| | **Konklusjon frå Rådmannen** | | |
|---|---|---|---|
| **Relevante samfunnstema** | *Tettstadsutvikling* | *Kollektivtransport / gang- og sykkelveg* | *Transport* |
| | *Folkehelse* | *Kommunale tenestetilbod og økonomi* | *Born og unge* |
| | *Teknisk infrastruktur* | *Næringsliv og sysselsetting* | *Universell utforming* |
| Oppretthalda dagens status ref. gjeldande reguleringsplan, Offentleg friområde | | | |

| **Områdenavn: SN 11** | **Vikøy -Holmagarden-** | **Gnr/bnr:** | **38/4** |
|---|---|---|---|
| Journalpost innspel: | http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013019032&dokid=437150&versjon=1&variant=P& http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013019032&dokid=437149&versjon=1&variant=P& | | |
| Noverande planstatus: | Landbruk-, natur- og friluftsområde, der landbruk er dominerande. | | |
| Områdeskildring: | Området ligg i Vikøy, på Øvre Aksnes. Det er i dag eit aktivt landbruk på det aktuelle området. Området ligg med god utsikt, utover Kvamsøy og Hardangerfjorden. Tilsaman utgjer arealet bortimot 17 daa. | | |
| Innspel til ny arealbruk: | Framtidig næringsareal for tilleggsnæringar i landbruket. | | |
| Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS: | **Tilrådd** | | |
| Kart over innspel: |  | | |
| Flyfoto over innspel: |  | | |

| | Tema | Kommentar | Konsekvensutgreiing Verdi | Konsekvens |
|---|---|---|---|---|
| Natur og miljøressursar | Naturverdiar / biologisk mangfald | Ingen registreringar. | L | -1 |
| | Jord- og skogressursar | Mesteparten av arealet er skog av svært høg bonitet. Også innslag av fulldyrka jord og bebygd areal. Arealet ligg i lnf-l område i kommuneplanen. | S | -2 |
| | Kulturminne / fornminne | SEFRAK-registrert bygg på el. nær omsøkt areal. Gravhaug tett opp i mot det føreslåtte området. | M | -1 |
| | Landskap / grønstruktur / kulturlandskap | Breie fjordløp, fjordmøter og opne fjordmunningar. Arealet har potensiale som leikeområde ved snødekke. | S | -1 |
| | Friluftsliv | Ingen registrerte friluftskvalitetar. | M | -1 |
| | Funksjonell strandsone | Ligg utanfor strandsonen. | - | - |

| **Uønska hending** | **Årsak** | **Kommentar** | **ROS-analyse**<br>**Vurdering jf. akseptkriteria** |
|---|---|---|---|
| Ekstremver | Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder. | | L&H : S5/K1<br>M: S5/K1<br>Ø&P: S5/K2 |
| Ras/skred/flaum | Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar. | Aktsemdskart for snø&stein, og jord- og flaumskred syner potensiell skredfare. Tilhøvet må kartleggjast nærare før bygging eller regulering. | L&H : S3/K4<br>M: S3/K3<br>Ø&P: S3/K3 |
| Ureining og støy | Grensar til landbruksområde. | Noko støy i frå landbruk. | L&H : S3/K3<br>M: S3/K1<br>Ø&P: 32/K1 |
| Radon | Radonstråling i frå grunn. | Generelle krav i til byggverk er synt i TEK 10. | L&H : S1/K2<br>M: S1/K1<br>Ø&P: S1/K1 |
| Brann | Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil. | Sentralt område med god brannberedskap. | L&H : S3/K3<br>M: S3/K1<br>Ø&P: S3/K3 |
| Ulukker | Trafikkulukke. | Smal og svingete veg fram til fylkesveg. Gardsdrift med store maskiner. | L&H : S3/K3<br>M: S3/K1<br>Ø&P: S3/K2 |
| Uheldig samlokalisering | Næring i landbruksområde/bustad | Ligg nært bustadområde på garden. | L&H : S2/K1<br>M: S2/K1<br>Ø&P: S2/K1 |

<table>
<tr><th></th><th colspan="3">Konklusjon frå Rådmannen</th></tr>
<tr><td rowspan="3">Relevante samfunnstema</td><td>Tettstadsutvikling</td><td>Kollektivtransport / gang- og sykkelveg</td><td>Transport</td></tr>
<tr><td>Folkehelse</td><td>Kommunale tenestetilbod og økonomi</td><td>Born og unge</td></tr>
<tr><td>Teknisk infrastruktur</td><td>Næringsliv og sysselsetting</td><td>Universell utforming</td></tr>
</table>

Arealstrategiane for industri- og næringsareal tek for seg lokalisering av nye næringsreal. Nye næringsareal til industri og anlegg med meir skal leggjast til eksisterande næringsområde i utkanten av sentrum. Plasskrevjande næringar skal lokaliserast i utkanten av sentrum og langs med Fv-7 eller Fv- 48 og Fv-49. Næringar basert på stadbundne ressursar kan lokaliserast i område der desse høyrer naturleg til.

Arealstrategi nr 14 legg til grunn at det skal opnast opp for nye stadbundne næringar knytt i til garden sitt ressursgrunnlag, som gardsturisme, opplevingar og utvikling av utmarksnæringar, i høve til strategi nt 18 så vil næringar basert på stadbundne ressursar kunna lokaliserast der desse høyrer naturleg til.

Miljøverndepartementet har lagt til grunn at bygg, her som fritidsbygg må verta brukt til næringsmessig utleige mist i 9 månader i året, og at det er ein føresetnad at utleigeverksemda skjer som næringsverksemd i fellesdrift. Rådmannen har i høve til dette innspelet lagt til grunn at det skal drivast med næring, der ikkje bygg skal skiljast ut med eigne tomter og eigne gards- og bruksnummer.

I innspelet i frå grunneigar vert det lagt til grunn at vedkomande «ynskjer å regulera til næringsføremål for reising av eit nytt bygg for delt føremål, næring bustadføremål » I telefonsamtale 13.07.2016 er det presisert at bustad gjeld utleige, som turistføremål . Rådmannen har i den samanheng sett på området som eit næringsområde ,med moglegheit for bygg til utleige, der desse ikkje vert skild ut som eigne einingar, men ein del av felles næringsområde, med fryseri, slakteri mm.

Innafor området viser aktsemdskartet for ras, flaum mm, at ein skal vera varsam i høve til desse problemstillingane, når området skal vidareutviklast. Dette gjeld spesielt om det er bygg og område der det skal opphalda seg folk.

Kulturminnesøk viser også at det i nærområdet førekjem kulturminne, sjølv om det ikkje ligg innafor det føreslåtte området.

Rådmannen vil **tilrå** at det vert mogleg med næringsføremål, som støttar opp om dei ressursane og moglegheitene som finst på gardsbruket. Det må presiserast kva type næring som er mogleg å få til i framtida, jf. slakteri, fryseri , lager, overnatting mm. I vidare planlegging må det komma fram at tilhøve til ras må vurderast ved ytterlegare utbygging. Området vert vist som spreidd næring.

| Områdenavn: | Vangdal - Aksnes | Gnr/bnr: | Mange |
|---|---|---|---|
| Journalpost innspel: | Vikøy-13-15822-04 Sykkel- og gangveg Vikøy Aksnes | | |
| Noverande planstatus: | Noverande landbruk, natur – og friluftsområde, lnf-område og lnf-område der jordbruk er dominerande. Fv- 49 er vist som noverande hovudveg. | | |
| Områdeskildring: | Området strekkjer seg i frå Aksnes til Vangdal, ei strekkje på om lag 1,8 km. Området har ein relativt spreidd busetnad, langs med fv-49. | | |
| Innspel til ny arealbruk: | Framtidig gang- og sykkelveg. | | |
| Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS: | **Tilrådd** | | |
| Kart over innspel: |  | | |
| Flyfoto over innspel: |  | | |

| Tema | Kommentar | Konsekvensutgreiing |
|---|---|---|

| | | | Verdi | Konsekvens |
|---|---|---|---|---|
| Natur og miljøressursar | Naturverdiar / biologisk mangfald | Artsdatabanken.no viser fleire funn på strekkja. Gjeld primært livkraftige artar. Ein art er definert som «nær trua», gjeld «liten ramsløkfluge». Naturbase.no viser at det er ein del gamle store eiketre på strekkja. Havørnobservasjonar er også gjort på strekkja. | M | -1 |
| | Jord- og skogressursar | Strekkja er stort sett dominert av skog av svært høg bonitet, men også mindre strekkjer med fulldyrka mark og overflatedyrka jord. | M | -1 |
| | Kulturminne / fornminne | Ligg fleire SEFRAK-registrerte bygg langs med Fv-49, gjeld både troskykkjer og eldhus frå 1800-talet, m fl. Passerer forbi Salthamaren, helleristningar i Vangdal. | S | -1 |
| | Landskap / grønstruktur / kulturlandskap | Breie fjordløp, fjordmøter og opne fjordmunningar. | S | -1 |
| | Friluftsliv | Ingen registreringar på friluftsområde. | L | -1 |
| | Funksjonell strandsone | Ligg i grensa til det kommunen definerer som den funksjonelle strandsonen, området på «nedsida» av Fv-49, i mellom fylkesvegen og fjorden, ligg innafor det som kommunen har vald å kalla den funksjonelle strandsonen. | M | -1 |

| Uønska hending | Årsak | Kommentar | ROS-analyse<br>Vurdering jf. akseptkriteria |
|---|---|---|---|
| Ekstremver | Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder. | | L&H : S5/K1<br>M: S5/K2<br>Ø&P: S5/K1 |
| Ras/skred/flaum | Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar. | Aktsemdskart for snø&stein og for jord- og flaumskred syner potensiell skredfare. Tilhøvet må kartleggjast nærare før regulering. | L&H : S3/K4<br>M: S3/K3<br>Ø&P: S3/K3 |
| Ureining og støy | Ligg langs med fylkesveg. | Heile området ligg innafor gul sone og raud sone, dvs meir enn 55 dB. | L&H : S3/K2<br>M: S3/K1<br>Ø&P: S3/K1 |
| Radon | Vurdert til ikkje å vera eit aktuelt tema. | | L&H :<br>M:<br>Ø&P: |
| Brann | Vurdert til ikkje å vera eit aktuelt tema. | | L&H :<br>M:<br>Ø&P: |
| Ulukker | Trafikkulukke. | Ligg langs med Fv-49, manglar gang- og sykkelveg. | L&H : S5/K3<br>M: S5/K2<br>Ø&P: S5/K2 |
| Uheldig samlokalisering | Den funksjonelle strandsonen | Plassering i mellom Fv-49 og fjorden, kan vera utfordrande i høver til | L&H : S3/K1<br>M: S3/K5<br>Ø&P: S3/K1 |

| | **Konklusjon frå Rådmannen** | | |
|---|---|---|---|
| **Relevante samfunnstema** | *Tettstadsutvikling* | *Kollektivtransport / gang- og sykkelveg* | *Transport* |
| | *Folkehelse* | *Kommunale tenestetilbod og økonomi* | *Born og unge* |
| | *Teknisk infrastruktur* | *Næringsliv og sysselsetting* | *Universell utforming* |

Kvammapakken har løyst fleire av dei mest aktuelle strekkja for gang- og sykkelveg. Det er likevel viktig å få fram nye gang- og sykkelvegar i denne planperioden. I føregåande planperiode vart fleire av dei framtidige gang- og sykkelvegane vist som informasjon i kartet, ikkje som bindande juridisk arealforvaltning.

Området i mellom Aksnes og Vangdal har relativt spreidd busetnad, slik at løysinga med informasjon om framtidige løysingar gang- og sykkelveg, kan vil vera ei god løysing. Planen tek difor ikkje stilling til kva som er den beste sida å plassera gang- og sykkelvegen på, i høve til Fv-49. Utfordringane er fleire på strekkja, mellom anna med omsyn til ras og den funksjonelle strandsonen. Kostnadane vil også verta relativt høge i høve til talet på personar som bur på strekkja.

Rådmannen vil **tilrå** at framtidig gang- og sykkelveg , vert vist som informasjon i kartet.

| **Områdenavn: FT 4** | **Vikøy -Oddland-** | **Gnr/bnr:** | **7/161** |
|---|---|---|---|
| Journalpost innspel: | http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2015005689&dokid=477283&versjon=1&variant=A& | | |
| Noverande planstatus: | Landbruk, natur og friluftsområde, lnf-område | | |
| Områdeskildring: | Området ligg i Vikøy, i tilknyting til Oddland camping.  Området ligg i mellom fjorden og fv- 49, med utsikt imot Kvamsøy.  Området vert i dag nytta til jordbruk. Området utgjer om lag  3,8 daa. | | |
| Innspel til ny arealbruk: | Framtidig næringsareal for bubilar og campingvogner. | | |
| Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS: | **Delvis tilrådd** | | |
| Kart over innspel: |  | | |
| Flyfoto over innspel: |  | | |

## Konsekvensutgreiing

| Tema | | Kommentar | Verdi | Konsekvens |
|---|---|---|---|---|
| Natur og miljøressursar | Naturverdiar / biologisk mangfald | Ingen registreringar i naturbas.no eller i artsdatabanken.no | L | -1 |
| | Jord- og skogressursar | Stort sett fulldyrka jord og litt anna jorddekt fastmark. | S | -2 |
| | Kulturminne / fornminne | Ingen registrerte kulturminner på dette arealet el. nærområde | L | 0 |
| | Landskap / grønstruktur / kulturlandskap | Regisrert som breie fjordløp, fjordmøter og opne fjordmunningar. | S | -1 |
| | Friluftsliv | Fjordområdet er registret som båtutfartsområde. | M | +1 |
| | Funksjonell strandsone | Ligg innanfor det kommuneplanen legg opp til å definera som funksjonell strandsone. | S | -3 |

**ROS-analyse**

| **Uønska hending** | **Årsak** | **Kommentar** | **Vurdering jf. akseptkriteria** |
|---|---|---|---|
| Ekstremver | Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder. | | L&H : S5/K1<br>M: S5/K1<br>Ø&P: S5/K2 |
| Ras/skred/flaum | Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar. | Ingen registreringar, på aktsemdskart. | L&H : S2/K1<br>M: S2/K1<br>Ø&P: S2/K1 |
| Ureining og støy | Grensar til trafikkert veg. | Noko støy frå landbruk og vegtrafikk. Ein svært liten flik innafor gul sone, opp i mot fylkesvegen dvs meir enn 55 dB, der støytiltak må vurderast. | L&H : S3/K3<br>M: S3/K1<br>Ø&P: S3/K1 |
| Radon | Radonstråling frå grunn. | Generelle krav i til byggverk er synt i TEK 10. | L&H : S1/K2<br>M: S1/K1<br>Ø&P: S1/K1 |
| Brann | Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil. | Sentralt område med god brannberedskap. | L&H : S3/K3<br>M: S3/K1<br>Ø&P: S3 /K3 |
| Ulukker | Trafikkulukke. | Det er gang gang- og sykkelveg langs med fylkesvegen. | L&H : S2/K1<br>M: S2/K1<br>Ø&P: S2/K1 |
| Uheldig samlokalisering | Nærleik til bustadområde | Kan vera konflikt i mellom fast bustad og fritidsaktivitetar. | L&H : S3/K3<br>M: S3/K2<br>Ø&P: S3/K1 |

| | Konklusjon frå Rådmannen | | |
|---|---|---|---|
| **Relevante samfunnstema** | *Tettstadsutvikling* | *Kollektivtransport / gang- og sykkelveg* | *Transport* |
| | *Folkehelse* | *Kommunale tenestetilbod og økonomi* | *Born og unge* |
| | *Teknisk infrastruktur* | *Næringsliv og sysselsetting* | *Universell utforming* |

Arealstrategi nr 14 legg til grunn at det skal opnast opp for nye stadbundne næringar knytt ilt garden sitt ressursgrunnlag, som gardsturisme, opplevingar og utvikling av utmarksnæringar, i høve til strategi nt 18 så vil næringar basert på stadbundne ressursar kunna lokaliserast der desse høyrer naturleg til.

I komuneplanen sin arealdel i frå 2006, er det lagt til grunn campingplass (her som «anna byggeområde») på naboarealet til det innkomne forslaget. I sjøen framfor det føreslåtte arealet er det vist Fi, som kaste- og låssetjingsplass.

Rådmannen tolkar dette ei tilleggsnæring i landbruket, og såleis å vera i samsvar med arealstrategiane om stadbundne næringaer, med moglegheiter for gardsturisme og opplevingar, som fritids- og turismeforhold.

Området ligg i det som kommunen ser på som den funksjonelle strandsonen i dag. Området er utbygd på bedde sidnen, og det kan vera mogleg med flerie aktivitar i mellom bustadområde/Inf-område og «anna byggeområde».

Området vil vera godt egna for ei utviding, men det må vera tydelege buffersonar i mellom aktivitetane som det no er ynskje om, og eksisterande busetnad. Buffersonen må vera minst 25 m for å unngå konflikter.

Rådmannen ser det som positivt at grunneigar ynskjer å satsa på reiseliv, og legg til grunn at det er mogleg med ei viss utviding, samstundes vil det vera konfliktfyllt å komma for nær innpå noverande bygningar i søraust. Det må også takast omsyn til støyen i frå fylkesvegen, då den overstig 55 dB, her må det gjerast tiltak ved bygging. Inn i mot eksisterande busetnad må det vera ein buffersone, der det ikkje kan etablerast campingvogner eller anna der det oppheld seg folk, buffersonen vert etablert i samband med regulering av området.
**Rådmannen** **<u>tilrår</u>** ei etablering, med dei atterhalda som er nemnt i høve til avstand og støy.